



Justis- og
beredskapsdepartementet

Tildelingsbrev 2022

Spesialeininga for politisaker

7. januar 2022

Innhald

1.	Innleiing.....	2
2.	Utfordringar, moglegheiter og prioriteringar	3
3.	Mål, styringsparametrar og oppdrag for 2022.....	4
3.1.	Mål og resultatforventningar for 2022	4
4.	Styring og kontroll i Spesialeininga.....	6
4.1.	Internkontroll	6
4.2.	Saker frå Riksrevisjonen og Sivilombodet.....	7
5.	Fellesføringar og øvrige krav frå regjeringa.....	7
5.1.	Konsulentbruk i staten	7
5.2.	Auke talet på lærlingar	7
6.	Styringsdialog og rapportering i 2022	8
6.1.	Styringsdialog 2022.....	8
6.2.	Rapportering 2022	8
7.	Budsjettramma og fullmakter for 2022	9
7.1.	Budsjettramma	9
7.2.	Delegering av fullmakter i samsvar med løyvingsreglementet til Stortinget	9

1. Innleiing

Vi viser til Prop. 1 S (2021–2022) frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD), Prop. 1 S Tillegg nr. 1 (2021–2022) frå Finansdepartementet og Innst. 6 S (2021–2022).

Tildelingsbrevet er utforma på bakgrunn av det endelege budsjettvedtaket til Stortinget 15. desember 2021 og presenterer dei økonomiske rammene for verksemda i 2022, jf. økonomireglementet § 7 og bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 1.5.

Justis- og beredskapsdepartementet har fastsett følgjande overordna sektormål for justis- og beredskapssektoren:

- Rettstryggleik
- Tryggleik i samfunnet
- Godt og tilgjengeleg lovverk
- Kontrollert og berekraftig innvandring
- Låg kriminalitet
- Godt forvalta polarområde

Tildelingsbrevet tar utgangspunkt i dei ovennevnte måla og hovedutfordringane som er særleg relevante for Spesialeininga for politisaker (Spesialeininga).

Spesialeininga skal særleg bidra til å nå følgjande sektormål:

- låg kriminalitet
- rettstryggleik

Dei verksemdsmåla, styringsparametrane, resultatkrava og oppdraga som kjem fram i dette tildelingsbrevet, vil vere førande for departementet si oppfølging av Spesialeininga i 2022. Departementet understrekar at tildelingsbrevet ikkje er uttømmende for dei oppgåvene Spesialeininga skal utføre. Utover dei prioriteringane og krava som er omtalte i tildelingsbrevet, legg departementet til grunn at den løpande verksemda blir vidareført innanfor dei føringane som følgjer av hovudinstruksen for Spesialeininga samt anna gjeldande regelverk og andre instruksar. Departementet gjer merksam på at Spesialeininga har eit sjølvstendig ansvar for å informere departementet om vesentlege risikoar eller avvik knytte til Spesialeiningas oppgåver, og å fremme forslag om moglege korrigerande tiltak, jf. pkt. 2.3.2 i bestemmelser om økonomistyring i staten.

2. utfordringar, moglegheiter og prioriteringar

Spesialeininga sitt samfunnsoppdrag er å bidra til at befolkninga har tillit til politiet og til påtalemakta. Det er avgjerande for at Spesialeininga skal nå dei overordna måla at dei tilsette i eininga har rett kompetanse. Eininga må følgje med på utviklinga som skjer i politi- og påtalemakta, og må vere særst gode på etterforskningsmetodane som står sentralt i sakene til eininga. Det er nødvendig for tilliten til eininga.

Det er viktig for rettstryggleiken til den som får si sak behandla av Spesialeininga at tida det tek frå sakene blir melde til det kjem ei avgjerd, ikkje er for lang. Saksbehandlingstida verkar inn på folk si tillit til eininga. Urimeleg lang saksbehandlingstid vil verke negativt inn på moglegheita for politiet og påtalemakta til å lære av erfaringar frå sakene. Spesialeininga skal ha ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 150 dagar.

Spesialeininga har i fleire år hatt lang saksbehandlingstid og fleire krevjande saker til behandling. Løyvinga til politiet og påtalemakta har blitt vesentleg styrka i dei seinare åra, men ikkje løyvinga til Spesialeininga. I 2022 er det løyvd 3,7 mill. kroner til kompetanseløft og stillingar i eininga. Dette er ei permanent løyvingsauke.

Erfaring frå sakene som eininga har behandla er ei viktig kjelde til læring i politiet og påtalemakta. Spesialeininga skal bidra til at politiet og påtalemakta kan bruke erfaring frå sakene til eininga til læring.

Meld. St. 14 (2020–2021) Perspektivmeldingen 2021 understrekar at offentlege tenester må effektiviserast og utviklast i takt med at samfunnet endrar seg. Petroleumsnæringa vil i tida framover ikkje lenger vere vekstmotor i norsk økonomi. Samtidig står vi overfor ei vesentleg auke i utgifter til pensjon og eldreomsorg. Handlingsrommet i statsbudsjettet vil derfor bli trongare. Teknologisk utvikling i høgt tempo gir likevel nye moglegheiter for å jobbe smartare, førebyggje kostnadsdrivande hendingar og effektivisere offentlege tenester.

3. Mål, styringsparametrar og oppdrag for 2022

3.1. Mål og resultatforventningar for 2022

Departementet har i samarbeid med Spesialeininga fastsett mål og styringsparameter for verksemda. Spesialeininga fastset i samråd med riksadvokaten resultatkrav der det er nødvendig for å klargjere grad av måloppnåing. I andre tertialrapport skal Spesialeininga rapportere på avvik. Ved eventuelle resultatavvik skal Spesialeininga greie ut om årsaker til avvik, samt eventuelle tiltak som vil bli sett i verk for å lukke avviket. I årsrapporten skal Spesialeininga, basert på krava i tildelingsbrevet, omtale forventa effekt på måla av verksemda sine aktivitetar og resultat.

VERKSEMDSMÅL 1:	Tilsette i politi- og påtalemakta gjer ikkje straffbare tenestehandlingar
Rapportering:	Årsrapport
Nærmare omtale: Det er avgjerande i ein demokratisk rettsstat at befolkninga har tillit til politiet og påtalemakta. Mistankar om at tilsette i dei to etatane gjer straffbare tenestehandlingar er eigna til å svekke tilliten. Spesialeininga skal ta i mot og undersøke alle meldingar om straffbare høve utført av tilsette i politiet og påtalemakta. Dersom det er rimeleg grunn til å starte etterforskning, skal Spesialeininga gjere det effektivt og med høg kvalitet. Avgjerdene til Spesialeininga skal være skriftlege og grunnjevne. I saker som blir avgjorde med tiltale, fører Spesialeininga saka for retten.	

VERKSEMDSMÅL 2:	Spesialeininga gjennomfører uavhengig etterforskning når nokon blir alvorleg skadd eller døyr som følgje av tenestehandlingar eller medan dei er tekne hand om av politi- eller påtalemakta
Rapportering:	Årsrapport
Nærmare omtale: For at Noreg skal oppfylle si menneskerettslege plikt til uavhengig etterforskning av brot på retten til liv og forbodet mot tortur eller nedverdiggande eller umenneskeleg behandling, skal Spesialeininga etterforske saka når nokon døyr eller blir alvorleg skadd som følgje av tenestehandlingar eller medan dei er tekne hand om av politi eller påtalemakta. Slike saker skal Spesialeininga etterforske uavhengig av mistanke om straffbare høve. Krava som blir stilt til etterforskninga er at den er uavhengig og	

tilstrekkeleg, at den skjer i eit tillitvekkande tempo og at etterforskinga og avgjerda er så open som mogleg. Under etterforskinga må den som har vore utsett for tenestehandlinga og/eller deira pårørande bli involvert slik at alle rettigheter er ivaretekne.

VERKSEMDSMÅL 3:	Politi- og påtalemakta lærer av Spesialeininga sine saker
Rapportering:	Årsrapport
<p>Nærmare omtale: Ved å bruke erfaringa frå sakene til Spesialeininga, kan kriminelle tenestehandlingar forebyggast. Sakene kan også gje grunnlag for læring om kva som er god og dårleg tenesteutføring i både politi- og påtalemakta. Erfaring frå etterforskinga av hendingar der nokon er alvorleg skadd eller død, kan gjere det mogleg å førebygge liknande hendingar.</p>	

STYRINGSPARAMETER 1:	Kompetanse
Rapportering:	Tertialvis og årsrapport
Resultatkrav:	Spesialeininga fastset resultatkrav
<p>Nærmare omtale: Kompetanseutviklinga i eininga må halde følge med utviklinga i politi- og påtalemakta for at Spesialeininga skal bidra til å nå dei to overordna sektormåla om låg kriminalitet og rettstryggleik. Eininga må vere særst god på dei etterforskingismetodane som står sentralt i sakene til eininga, og det gjeld særleg avhøyr. For å sikre at eininga er tilstrekkeleg uavhengig, må dei tilsette i eininga ha rett kompetanse til å bestille og leie bistand når det er naudsynt å bruke metodar som eininga sjølv ikkje kan ha spesialistkompetanse på.</p>	

STYRINGSPARAMETER 2:	Informasjonsdeling
Rapportering:	Tertialvis og årsrapport
Resultatkrav:	Spesialeininga fastset resultatkrav

<p>Nærmare omtale: Riktig informasjon på riktig måte til riktig mottakar er avgjerande for at Spesialeininga skal bidra til låg kriminalitet og rettstryggleik. Offentlegheit om eininga si verksemd er avgjerande for å bygge tillit til eininga. God kunnskap om Spesialeininga hos politiet, i påtalemakta og hos folk flest, er naudsynt for at eininga skal få meldingar om høve som skal undersøkast eller etterforskast av eininga. Erfaring frå sakene som eininga har behandla er ei viktig kjelde til læring i politiet og påtalemakta, og også utgangspunkt for kritisk journalistikk og forskning.</p>	

STATISTIKK:	Saksbehandling
Rapportering:	Tertialvis og årsrapport
<ul style="list-style-type: none"> - Saksbehandlingstid - Del saker avgjorde innan 5, 9 og 12 md. - Mottekne meldingar - Avgjerder - Saker til behandling 	

4. Styring og kontroll i Spesialeininga

4.1. Internkontroll

Internkontrollansvaret til leiaren av verksemda er regulert i *reglement for økonomistyring i staten* § 14 og utdjupa i hovudinstruksen til Spesialeininga. For å nå måla til Spesialeininga i møte med framtidige utfordringar, er tilfredsstillande internkontroll særleg viktig. God internkontroll kan førebyggje, avdekkje og korrigere eventuelle vesentlege avvik.

Som nemnt i kapittel 2, må statlege verksemdar framover forvente strammare budsjett. Dette vil føre til krevjande prioriteringar også for verksemdene i justissektoren. Langsiktig planlegging, systematisk kunnskapsarbeid og god balanse mellom drift og utvikling vil bli endå viktigare framover. Spesialeininga skal arbeide kontinuerleg for å effektivisere oppgåveløysinga, med særleg merksemd retta mot digitalisering av arbeidsprosessar og tenester.

Vurdering av utfordringar og moglegheiter knytte til samfunnsoppdraget

OPPDRAG 1:	Spesialeininga skal, i forkant av årsrapporten, gjere ei overordna, strategisk vurdering av hovudutfordringar og moglegheiter knytte til samfunnsoppdraget i eit femårig perspektiv. Vurderinga bør ta utgangspunkt i generelle utviklingstrekk i samfunnet (sikkerheitspolitisk utvikling, klimaendringar, demografisk utvikling, teknologisk utvikling m.m.), som kan påverke måloppnåinga til verksemda negativt eller positivt på lengre sikt. Vurderinga skal danne grunnlag for kapittel fem i årsrapporten.
Rapportering:	Det blir ikkje kravd at vurderingane skal sendast til departementet, men resultatet av vurderinga skal utgjere eit grunnlag for kapittel fem i årsrapporten. Dette skal gi departementet viktig informasjon i den langsiktige sektorstyringa.
Nærmare omtale: Dette oppdraget tek utgangspunkt i at JD ønskjer å styrke arbeidet med den langsiktige utviklinga og styringa i justissektoren.	

4.2. Saker frå Riksrevisjonen og Sivilombodet

Merknader frå Riksrevisjonen og utsegner frå Sivilombodet skal ha høg prioritet. Spesialeininga skal utvikle ein konkret plan for oppfølging av eventuelle feil og manglar som er peika på. Oppfølgingsplanen vil vere tema i styringsdialogen og skal omtalast i årsrapporten.

5. Fellesføringar og øvrige krav frå regjeringa

5.1. Konsulentbruk i staten

Arbeidet med effektivisering utgjer ein integrert del av den ordinære styringsdialogen mellom departement og verksemd, og fylgjer dei allmenne prinsippa for styring i staten. I 2022 skal Spesialeininga arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast. Spesialeininga skal rapportere om konsulentbruken i årsrapporten for 2022.

5.2. Auke talet på lærlingar

Statlege verksemder skal ha lærlingar knytte til seg kor talet på lærlingar skal stå i eit rimeleg høve til storleiken på verksemda. Verksemder med meir enn 75 tilsette skal til kvar tid ha minst ein lærling, og større verksemder bør ha ambisjon om fleire enn ein

lærling. Spesialeininga skal også kvart år vurdere om det er mogleg å tilby opplæring i nye lærefag og om ein kan auke talet på lærlingar. Alle statlege verksemder skal knyte seg til opplæringskontoret OK stat eller eit anna opplæringskontor.

I årsrapporten skal Spesialeininga rapportere fylgjande:

Talet på lærlingar, om det er vurdert å auke talet på lærlingar og eventuelt innafør kva for fag saman med kva for opplæringskontor verksemda er knytt til. Verksemder som ikkje har oppfylt krava, må gjere greie for årsaka til dette og kva dei har gjort for å oppfylle krava.

6. Styringsdialog og rapportering i 2022

6.1. Styringsdialog 2022

Oversikt over etatsstyringsmøter i 2022:

Beskrivelse	Dato
Etatsstyringsmøte årsrapport 2021	8. mars kl. 09.00 – 10.30
Etatsstyringsmøte 2. tertialrapport	28. oktober kl. 09.00 – 10.30

6.2. Rapportering 2022

Styringsdialogen mellom Spesialeininga og JD er innretta etter risiko og viktigheit. Risikoperspektivet skal også integrerast i rapporteringa frå verksemda.

Spesialeininga sin årsrapport for 2022 utgjer ein del av grunnlaget for rapporteringa til Justis- og beredskapsdepartementet til Stortinget om oppnådde resultat for budsjettåret 2022.

Årsrapporten skal sendast over til departementet innan 15. februar 2023 og skal følgje krava i bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 1.6.1. Vi viser også til DFØ sin rettleiar for årsrapportering på nettsidene til DFØ. [Årsrapport - DFØ \(df0.no\)](https://df0.no)

Fristar for rapportering:

Rapportering	Tidspunkt/frist
Frist rapportering til statsrekneskapet	31. januar
Forslag til budsjettendringar og større omprioriteringar 1. halvår 2022 (revidert nasjonalbudsjett)	15. februar*
Årsrapport for 2021 med årsrekneskap	15. februar
Innspeil til rammefordelingsforslaget for 2023	April/mai**

Forslag til budsjetteringar og større omprioriteringar i 2. halvår 2022 (nysaldering)	15. september*
Rapportering 2. tertial 2022	30. september
Innspel frå verksemda – satsingsforslag og budsjettiltak 2024	Ultimo oktober**

*Det kan komme endringar.

** JD kjem tilbake til dato.

7. Budsjettramma og fullmakter for 2022

7.1. Budsjettramma

På bakgrunn av Stortingets budsjettvedtak 15. desember 2021 blir følgjande midlar stilt til disposisjon for Spesialeininga i 2022:

Kap. 460		(i 1000 kroner)
Post 01	Driftsutgifter	59 542 000
Sum		59 542 000

Følgjande endringar/nye tiltak er innarbeidde i budsjettramma for Spesialeininga for 2022:

- Løyvinga er auka med 2 mill. kroner som følgje av ny premiemodell for pensjon.
- Løyvinga er auka med 3,7 mill. kroner til kompetanseutvikling og stillingar. Dette er effekten for ni md. Heilårsverknaden for 2023 er 4,9 mill. kroner.

7.2. Delegering av fullmakter i samsvar med løyvingsreglementet til Stortinget

I løyvingsreglementet har Kongen ein del fullmakter til å gjere unntak frå eller utfylle avgjerdene til løyvingsreglementet. I rundskriv R-110 gir Finansdepartementet departementa fullmakter til å gjere unntak frå enkelte av hovudprinsippa i løyvingsreglementet. I tillegg blir det gjort greie for fullmakter som ikkje blir delegerte til departementa, men som opnar for at departementa kan søke om samtykke frå Finansdepartementet i enkeltsaker.

Delegert mynde skal alltid utøvast i samsvar med gjeldande lover og reglar, gitte retningslinjer og intensjonar for korleis fullmaktene skal brukast.

Det blir vist til rettleiaren i statleg budsjettarbeid der m.a. bruk av unntaksavgjerder i løyvingsreglementet (budsjettfullmakter) er omtalte.

Paragrafane i parentes i punkta under refererer til paragrafane i løyvingsreglementet.

Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr (§ 3, fjerde ledd 2. setning)

Hovudregelen i løyvingsreglementet er at alle utgifter og inntekter blir brutto førte i budsjett og løyvingsrekneskap. Det er likevel gitt eit unntak som tillèt nettoføring i samband med utskifting av utstyr. Med dette får Spesialeiniga fullmakt til nettoføring ved utskifting av utstyr på følgjande vilkår:

- a) Inntekter frå sal av brukt utstyr kan nettoførast på post 01 Driftsutgifter og post 21 Spesielle driftsutgifter med inntil 5 prosent av løyvinga på den aktuelle posten.
- b) Salsinntektene må skrive seg frå utskiftingar som er ledd i ei rutinemessig fornying av utstyr. I praksis vil dette gjelde inntekter frå sal av utstyr som er av ein slik art at det ved innkjøpet skal dekkast under post 01 Driftsutgifter. Inntekter frå sal av utstyr som etter arten sin skal dekkast under post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, må bruttoførast på vanleg måte.
- c) Salsinntektene skal bokførast som ei inntekt i kontoklasse 3 i standard kontoplan (jf. Finansdepartementets [rundskriv R-102](#)) og rapporterast til løyvingsrekneskapen på post 01 Driftsutgifter eller post 21 Spesielle driftsutgifter (jf. Finansdepartementets rundskriv [rundskriv R-101](#)). Føringa må gjerast slik at det er mogleg å kontrollere at grensa på fem prosent ikkje blir overskriden.

Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret (§ 6 anna ledd)

Hovudregelen i løyvingsreglementet er at staten berre kan pådragast forpliktingar som først skal dekkast etter utløpet av budsjettåret når Stortinget har gitt særleg samtykke til dette. Med dette blir likevel Spesialeiniga gitt fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover i budsjettåret på følgjande vilkår, og med dei avgrensingane som følgjer i teksten under:

- a) Leigeavtalane og avtalane om kjøp av tenester må gjelde innkjøp til den ordinære drifta av statlege verksemdar. Kva typar innkjøp det her dreier seg om, kan variere med oppgåvene for verksemda, men alminnelege døme vil vere leige av lokale og kontorutstyr, og dessutan kjøp av reinhalds- og vaktmeistertenester.
- b) Utgiftene i samband med avtalane må kunne dekkast innanfor eit uendra løyvingsnivå på vedkommande budsjettpost i heile avtaleperioden.
- c) For alle avtalar utover budsjettåret må behovet for oppseiingsklausular vurderast nøye. Omsynet til den framtidige handlefridomen skal vege tungt ved vurderinga. Særleg gjeld dette ved langsiktige avtalar.

Vi viser også til løyvingsreglementet § 10 første ledd, der det m.a. blir kravd at utgiftsløyvingar skal disponerast på ein slik måte at ressursbruk og verkemiddel er effektive med omsyn til dei føresette resultat og tilsvarande krav i økonomireglementet § 4. På dette området inneber desse avgjerdene eit krav til både å vurdere moglege alternativ til leige og kjøp av tenester, og til utforminga av vilkåra i eventuelle avtalar om leige og kjøp av tenester.

Det blir understreka at avgjerdene berre gjeld løyve til å pådra forpliktingar utover budsjettåret.

Særskilt om byggje- og leigekontraktar

I *Instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor*, fastsett i kongeleg resolusjon den 13. januar 2017, blir det gitt eit samla oversyn over ansvarsforholda, fullmaktene og krava til saksbehandling ved nyskaffing av lokale.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter (§ 11 fjerde ledd nr. 1)

Hovudregelen i løyvingsreglementet § 5 anna ledd første setning er at det ikkje er tillate å overskride utgiftsløyvingar. Løyvingsreglementet § 11 fjerde ledd nr. 1 inneheld likevel eit unntak der Kongen kan ta avgjerder om overskriding av driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter.

Spesialeiniga blir gitt fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter på følgjande vilkår:

- a) Postane 01 Driftsutgifter og 21 Spesielle driftsutgifter kan overskridast med inntil 2 prosent av løyvinga mot tilsvarande meirinntekter. Dei aktuelle utgifts- og inntektspostane må høyre under utgifts- og inntektskapittel som gjeld same verksemd.
- b) Meirinntekt og meirutgift må bereknast opp mot den samla løyvinga på kvar av postane. Overskridinga må minimum dekkast av meirinntekter som blir rapporterte til løyvingsrekneskapen i same budsjettår.
- c) Meirinntekten må vere eit resultat av auka aktivitet samanlikna med budsjettføresetnadene for vedkommande år.
- d) Den inntektsgivande aktiviteten må ligge innanfor det som er Spesialeinigas mål, oppgåver og rammevilkår.
- e) Den inntektsfinansierte aktiviteten må ikkje binde opp eit høgare aktivitetsnivå enn det som blir dekt av utgiftsløyvinga dersom meirinntektene fell bort.

Departementa kan for det enkelte budsjettåret søke Finansdepartementet om spesielle fullmakter for enkelte driftsløyvingar under postane 01 og 21. Departementa kan overskride 2 prosent av løyvinga under dei aktuelle postane mot tilsvarande meirinntekter. Eventuell søknad frå Spesialeiniga om dette blir retta til Justis- og beredskapsdepartementet.

Fullmakt til å overskride investeringsløyvingar mot tilsvarande innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel (§ 11 fjerde ledd nr. 2)

Det følgjer av hovudregelen i løyvingsreglementet § 5 anna ledd første setning at det ikkje er tillate å omdisponere eit løyvd utgiftsbeløp frå ein post til ein annan.

Løyvingsreglementet § 11 fjerde ledd nr. 2 inneheld likevel eit unntak ved at Kongen kan gi føresegner om overskriding av investeringsløyvingar mot tilsvarande innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel.

Spesialeiniga blir gitt fullmakt til å omdisponere frå driftsløyvingar til investeringsløyvingar på følgjande vilkår:

- a) Det kan omdisponerast inntil 5 prosent av løyvinga under post 01 Driftsutgifter til post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, under same kapittel.
- b) Omdisponeringa må ikkje føra til auka utgifter ved at ho bind opp framtidige drifts- og investeringsutgifter.

Beløp som er omdisponert frå post 01 Driftsutgifter, kan takast med ved utrekninga av beløpet som kan overførast, under post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i dei tre følgjande budsjettåra (§ 11 fjerde ledd nr. 3)

Hovudregelen i løyvingsreglementet § 5 anna ledd første setning er at det ikkje er tillate å overskride ei utgiftsløyving. Ifølgje § 11 fjerde ledd nr. 3 i bevillingsreglementet er det tillate å overskride driftsløyvingar til investeringsformål med inntil 5 pst. mot tilsvarande innsparing i løpet av dei tre følgjande budsjetterminane. Som ei prøveordning har Stortinget for perioden 2021–2022 utvida innsparingsperioden til fem år.

Finansdepartementet har fastsett nærmare retningslinjer og føresetnader for tilgangen til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål. Det blir vist til rundskriv R-110 punkt 2.6.

Spesialeiniga må i kvart enkelt tilfelle sende søknad til JD om slikt samtykke før løyvinga kan overskridast.

Overføring av ubrukt driftsløyving frå eitt år til neste (§ 5)

Det er som hovudregel ikkje tillate å overskride eit tildelt beløp, eller overføre det til ein annan budsjettermin eller til ein annan budsjettpost i same termin.

Det er likevel gitt eit unntak ved at inntil 5 pst. av ubrukt driftsløyving under post 01 og post 21 kan overførast til neste budsjettår.

Søknad om slik overføring skal godkjennast av Finansdepartementet. Spesialeiniga sender søknad til JD i samband med rekneskapsrapporten per 31. desember. Eventuelt overført beløp kan ikkje disponerast av Spesialeiniga før departementet gir beskjed om det gjennom supplerande tildelingsbrev.



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Spesialenheten for politisaker
Postboks 93
2301 HAMAR

Deres ref.

Vår ref.
21/6565 - EVRA

Dato
15.03.2022

Statsbudsjettet 2022 Supplerende tildelingsbrev nr. 1 Spesialenheten for politisaker Overføring av ubrukt bevilgning

Justis- og beredskapsdepartementet viser til tildelingsbrev 7. januar 2022. Videre viser vi til Finansdepartementets rundskriv R-2/2022 om overføring av ubrukt bevilgning. Justis- og beredskapsdepartementet bekrefter overføring av ubrukt bevilgning fra 2021 til 2022 for Spesialenheten for politisaker:

(i 1 000 kroner)

Spesialenheten for politisaker	Bevilgning 2022	Overført beløp	Sum bevilgning
Kap. 460 Spesialenheten for politisaker, post 01 Driftsutgifter	59 542	2 767	62 309

Med hilsen

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

Eva Raaberg
fagdirektør

Dokumentet er godkjent og sendes uten signatur

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Gullhaug Torg 4A
0484 Oslo

Leveringsadresse
Varemottak
Akersgata 59
0180 Oslo

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org.nr.: 972 417 831

Sivilavdelingen
Eva Raaberg
22 24 52 76
eva.raaberg@jd.dep.no

Kopi til
Riksadvokaten
Riksrevisjonen



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Spesialenheten for politisaker
Postboks 93
2301 HAMAR

Deres ref.

Vår ref.
21/6565 - EVRA

Dato
30.06.2022

Statsbudsjettet 2022 Supplerende tildelingsbrev nr. 2 Spesialenheten for politisaker

Justis- og beredskapsdepartementet viser til tildelingsbrev 7. januar 2022 og supplerende tildelingsbrev nr. 1 15. mars. januar 2022. Stortinget behandlet Prop. 115 S (2021– 2022), jf. Innst. 450 S (2021–2022), 17. juni 2022. Det er gjort følgende endringer i bevilgningen til Spesialenheten for politisaker:

Kap. 460, post 01	Beskrivelse	Beløp
Bevilgning	Tildelingsbrev 2022	59 542 000
Overført beløp	Fra 2021 til 2022	2 767 000
Justering	Endrede jobbreisevaner	-91 000
Total bevilgning		62 218 000

Med hilsen

Jostein Haug Solberg (e.f.)
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur

Kopi til
Riksrevisjonen



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Spesialenheten for politisaker
Postboks 93
2301 HAMAR

Deres ref.

Vår ref.
21/6565 - DHA

Dato
25.10.2022

Statsbudsjettet 2022 – supplerende tildelingsbrev nr. 3 – Spesialenheten for politisaker

Justis- og beredskapsdepartementet viser til tildelingsbrev 7. januar 2022, supplerende tildelingsbrev nr. 1 15. mars 2022 og supplerende tildelingsbrev nr. 2 30. juni.

De budsjettmessige virkningene av lønnsoppgjøret i det statlige tariffområdet for 2022 er beregnet. Finansdepartementet har i brev 29. september 2022 gitt samtykke til følgende lønnskompensasjon i statsbudsjettet for 2022 til Spesialenheten for politisaker:

(i 1 000 kroner)

Kap. og post	Beskrivelse	Kompensasjon lønnsoppgjør	Ny bevilgning
460, 01	Spesialenheten for politisaker	896	63 114

Med hilsen

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

David Händler Andersen
seniorrådgiver

Postadresse Kontoradresse
Postboks 8005 Dep Gullhaug Torg 4A
0030 Oslo 0484 Oslo

Leveringsadresse
Varemottak
Akersgata 59
0180 Oslo

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org.nr.: 972 417 831

Sivilavdelingen
David Händler Andersen
22 24 53 71
david.andersen@jd.dep.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur

Kopi til
Riksrevisjonen